

Helge Magnus Erdal
Nesjavegen 3
5650 TYSSE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/2823 - 21/42243

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
17.06.2021

Løyve til utvida bruk av avkjørsle - gbnr 214/31 Fyllingsnes

Administrativt vedtak: **Saknr: 698/21**
Tiltakshavar: Helge Magnus Erdal
Ansvarleg søker: Helge Magnus Erdal
Søknadstype: Søknad om avkjørsle etter veglova §§40-43

VEDTAK:

Med heimel i Veglova §§ 40-43 vert utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg 1110 i tilknytting til oppføring av ny hytte på gnr. 214/32 Fyllingsnes godkjent på vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg», Veglova §§ 40-43, samt Vognormal N 100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsla, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.**
- På dei to første metrane skal avkjørsle ha eit fall frå kommunal veg. Etter dette kan vegen ha ei stigning på 1:8.**
- Siksone skal være ihht krav gitt i Vognormal N100. Minste krav til sikt i avkjørsle er 4 x 45 meter.**
- Svingradius i avkjørsle vert sett til R = 4 meter**
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsrøyr med indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrøyret skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret**

Vi påpeiker om at utbetringstiltaka og etablering av veg til hytte er søknadspliktig etter plan og bygningslova og at det skal sendast søknad etter plan- og bygningslova i regi av ansvarleg føretak.

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Eigedom ligg i regulert området innanfor reguleringsplan for Storneset strandplanen del av Fyllingsnes med plan id 1263-20101976. Avkørsle frå kommunal veg er reguler inn i reguleringsplan Nystøltunet id 1263-201603.



Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning vil gje utvida bruk av eksisterande avkørsle på vilkår (krav ihht gjeldande regelverk):

Vilkåra som er satt i vedtaket, er krav gitt i gjeldande regelverk og vart sett av Samferdsel, veg , vatn og avløpsavdelinga i uttale av 25.05.21 i sak 21/4653. Krava vil også gjelde for løyve til utvida/endra bruk av eksisterande avkørsler. Dersom avkørsle ikkje stettar tekniske krav, må avkørsla utbetrast. **Utbetringstiltaka er søknadspliktig etter plan og bygningslova.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2823

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med

offentlege føresegner gjeld føresegnehøye føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

situasjonsplan_situasjonsplan_veg.png
situasjonsplan_plassering.png

Mottakarar:

Helge Magnus Erdal	Nesjavegen 3	5650	TYSSE
--------------------	--------------	------	-------